




Gode jordmortenester gir ein god start i livet



Det er inngått ein eigen [samarbeidsavtale](#) mellom kommunane og Helse Førde om svangerskaps-, fødsels- og barselomsorgstenester (delavtale nr 8). Koordineringsrådet har sett nærare på korleis denne delavtalen blir følgd opp.

Mykje går bra, men etter gjennomgangen i koordineringsrådet er det grunn til å minne om følgjande:

- Kommunen skal syte for naudsynt samarbeid, arbeidsdeling og kommunikasjon mellom fastlege, jordmor og helsestasjon. Dette inneber m.a. at alle kommunar bør ha ein plan for samhandlinga mellom jordmor og fastlege i svangerskapsomsorga, og fastlegen bør alltid vere inne i dette løpet.
- Kommunen skal ha retningslinjer som er samordna med helseføretaket, slik at gravide med spesielle behov blir ivaretekne (t.d. gravide med rus-, psykiske- eller psykososiale problem). Det ein ser, er m.a. at nokre kommunar har manglande system for meldingar til barnevernet.
- Jordmor i kommunen skal hospitere minst ei veke kvart år ved fødeavdeling. Dette gjeld då jordmor som ikkje også har arbeidsforhold i/tilknytning til helseføretaket. Jordmødrer i Helse Førde skal ha høve til å hospitere i ein kommune.



Kommunen bør undersøke korleis det står til med desse punkta.

Så må det i denne samanhengen nemnast at det i kjølvatnet av delavtalen er inngått særavtalar om m.a. «God start»-ordningane i Nordfjord og indre Sogn og om følgeteneste, og mykje bra har kome på plass.

Samhandlingskonferansen 2016




Programmet for samhandlingskonferansen 2016, den 05.-06.04.16, er no klart. Konferansen har 15-årsjubileum i år. Dette er ei populær hending, så meld deg på innan påmeldingsfristen 07.03.16.

Vi trur ofte at vi må langt bort for å hente ekspertar og gode døme, men det er langt frå tilfelle. I år er det ein del lokale innslag og satsingar i Sogn og Fjordane som blir løfta fram.

Dag 1 er det mykje fokus på det dagsaktuelle knytt til flyktningssituasjonen og korleis vi kan gi barn ein god start i livet. Dag 2 ser ein på andre tema som er viktige «inn i framtida». På programmet står nye arbeidsmåtar på fleire område, og ikkje minst korleis vi reelt kan skape pasientens helseteneste og også bidra til at menneske kan meistre eige liv. Alt dette i eit samhandlingsperspektiv.

Ein konferanse som dette gir eit godt høve til ettertanke, fagleg påfyll og samtalar med andre deltakarar. Det vil bli søkt om godkjenning av konferansen som meritterande for aktuelle spesialistutdanningar. Nærare informasjon om dette kjem.

I år skal alle, også tilsette i helseføretaket, melde seg på i KS sitt påmeldingssystem. Gå inn på [KS si nettside for konferansen](#).



Habilitering og rehabilitering

To «nye» dokument som gjeld habilitering og rehabilitering har ikkje tidlegare vore omtalt i Samhandlingsnytt. Det eine er [revidert rettleiar frå Helsedirektoratet](#) (29.09.15) og det andre er [regional plan for habilitering og rehabilitering i Helse Vest](#) (november 2015). Begge har sjølvstøtt relevans i høve til samhandling.

Betaling for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helse/rus

Det har vore varsla innføring av betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling frå (tidlegast) 2017.

Det har vore eit høyringsmøte i Helsedirektoratet om saka og aktuelle tema er m.a.:

- Skal det vere ei felles forskrift for betalingsplikt for utskrivingsklare pasientar innan somatikk og psykisk helse/rus? Dette synest å bli tilrådd.
- Når er pasienten utskrivingsklar? Skal det i tillegg til ferdigbehandla pasient vere tilleggsvilkår som at det må vere ein avklart plan for vidare behandling i kommunen eller i spesialisthelsetenesta? Skal dei same krava i tilfelle også gjelde for somatikk?

Eit utkast til ny forskrift vil om ei tid kome på høyring.



Frå koordineringsrådet sitt møte den 03.02.16

Tema på møtet var m.a. arbeidet med å utvikle «pasientens helseteneste» i Helse Førde. Her er det ønskjeleg at kommunane er medverkande, og ein tek sikte på å bruke samhandlingsarenaer som koordineringsrådet for drøfting og innspel. Regionråda og kommunale nettverk på helse- og omsorgsområdet vil og vere aktuelle. Les om alle sakene i koordineringsrådet, referat og presentasjonar [her](#).

Tilgang til sjukehusjournal på nett

Frå 22.05.16 vil pasientar i Helse Vest få [elektronisk tilgang](#) til sin sjukehusjournal via Helsenorge.no /Vestlandspasienten. Pasientane vil få tilgang til dokument med hendingar frå og med 01.03.16. Dette inkluderer mottekne tilvisingar frå fastlegar og andre med rett til å tilvise.

Nytt om Samhandlingsbarometeret

Status for oppdateringar i [Samhandlingsbarometeret](#):

1. Samhandlingsdata: Innleggingar, reinnleggingar, primærtilvisingar er oppdaterte. Det same gjeld tilvisingar frå legane t.o.m. 2014. Data for liggedøgn (I013 og I014) ventar på kvalitetskontroll. Medisinske akuttinnleggingar (H102) er oppdatert frå 2012 til 2014. Innleggingar i medisinsk avdeling (S003) og tilvising til radiologi (I012) blirt lagt ut snart
2. Kvalitetsindikatorane er førebels tekne vekk fordi datakjelda er fjerna.
3. Data for kommunehelsetenesta (KOSTRA) blir oppdatert når tala er klare medio mars.
4. Helse, miljø og livsstil barn og unge: Data frå siste spørjeundersøking hausten 2015 skal behandlast, og blir lagt ut straks den jobben er gjort



Samhandlingsbarometeret vil framover utarbeide regelmessige statusar over indikatorar som er oppdaterte, som er nye eller som er fjerna frå lista. Oversikten vil bli sendt ut fortløpande.

Det blir elles arbeidd med at barometeret skal omfatte eller ha lenke til alle aktuelle styringsdata som er relatert til folkehelse. Siktemålet er m.a. at det gjennom Samhandlingsbarometeret skal vere mogeleg å få enkel tilgang til dei data som kommunane treng i samband med helseoversiktsdokumentet som dei skal utarbeide kvart 4. år og oppdatere årleg.

Aktuelle møte og konferansar

Det er møte i [fagrådet](#) den 03.03.16 og den 14.04.16, og [koordineringsrådet](#) har møte den 20.04.16. [Brukarutvalet](#) har sitt neste møte den 16.03.16. [Dialogmøte](#) mellom Helse Førde og politisk leiing i kommunane/fylkeskommunen er beramma til 27.05.16.

Samhandlingskonferansen den 05.-06.16 er omtalt ovanfor.

Sjå elles [nettsidene til praksiskonsulentane](#), der finst det oversyn over ein del aktuelle samlingar, kurs og konferansar som er relevante for legar.